

KOMMISJONSFORORDNING (EF) NR. 1530/2002

2005/EØS/16/17

av 27. august 2002

om endring av vedlegg I, II og III til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1181/2002⁽²⁾, særleg artikkel 6, 7 og 8, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90 må det gradvis fastsetjast grenseverdier for restmengder av alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon.
- 2) Grenseverdier for restmengder kan først fastsetjast etter at Utvalet for veterinærpreparat har granska alle relevante opplysningar med omsyn til om restmengder av det aktuelle stoffet er skadelege for forbrukarane av næringsmiddel av animalsk opphav, og med omsyn til kva innverknad restmengdene har på den industrielle foredlinga av næringsmiddel.
- 3) Når det skal fastsetjast grenseverdier for restmengder av veterinærpreparat i næringsmiddel av animalsk opphav, må det gjerast greie for kva dyreartar slike restmengder kan finnast i, kor store restmengder som kan tillatast i kvart av dei aktuelle kjøtveva frå dyret som er handsama (målvev), og kva type restmengd som skal kontrollerast (restmarkør).
- 4) I lys av det avgrensa tilbodet av veterinærpreparat til visse artar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel⁽³⁾, kan grenseverdiane for restmengder fastsetjast gjennom ekstrapolering frå grenseverdier for restmengder som på eit strengt vitenskapleg grunnlag er fastsette for andre artar.
- 5) Når det gjeld kontrollen av restmengder i medhald av regelverket til Fellesskapet på dette området, bør grenseverdiane for restmengder vanlegvis fastsetjast for målvev i levera eller nyrene. Levera og nyrene vert ofte

fjerna frå skrottar i internasjonal handel, og difor bør det òg fastsetjast grenseverdier for muskel- eller feittvev.

- 6) Dersom veterinærpreparat skal tilførast eggleggjande fjørfe, dyr i laktasjon eller honningbier, må det òg fastsetjast grenseverdier for egg, mjølk eller honning.
- 7) Dihydrostreptomycin, streptomycin og meloksikam bør først opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 8) Azaglynafarelin og deslorelinacetat bør først opp i vedlegg II til forordning (EØF) nr 2377/90.
- 9) For å gjere det mogleg å fullføre vitenskaplege granskingar bør det tidsrommet som det i vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 tidlegare er fastsett at dei mellombels grenseverdiane for restmengder er gyldige for, lengjast for altrenogest.
- 10) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF⁽⁴⁾.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Vedlegg I, II og III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Ho skal nyttast frå 60. dagen etter at ho er kunngjort.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 230 av 28.8.2002, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 43/2003 av 16. mai 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 39 av 31.7.2003, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 172 av 2.7.2002, s. 13.

⁽³⁾ Melding frå Kommisjonen til Europaparlamentet og Rådet om tilbodet av veterinærpreparat (KOM(2000) 806, endeleg utgåve).

⁽⁴⁾ TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 27. august 2002.

For Kommisjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommisjonen

VEDELEGG

A. I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgende endringar:

- 1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.10. Aminoglykosider

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Dihydrostreptomycin	Dihydrostreptomycin	Storfe, sau	500 µg/kg 500 µg/kg 500 µg/kg 1 000 µg/kg 200 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk	
		Svin	500 µg/kg 500 µg/kg 500 µg/kg 1 000 µg/kg	Muskler Hud og fett Lever Nyrer	
Streptomycin	Streptomycin	Storfe, sau	500 µg/kg 500 µg/kg 500 µg/kg 1 000 µg/kg 200 µg/kg	Muskler Fett Lever Nyrer Melk	
		Svin	500 µg/kg 500 µg/kg 500 µg/kg 1 000 µg/kg	Muskler Hud og fett Lever Nyrer»	

4. Anti-inflammatoriske midler

- 4.1. Ikke-steroide anti-inflammatoriske midler
- 4.1.3. Derivater av enolsyre

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Meloksikam	Meloksikam	Dyr av hestefamilien	20 µg/kg 65 µg/kg 65 µg/kg	Muskler Lever Nyrer»	

B. I vedlegg II til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

2. Organiske forbindelser

Farmakologisk virksomme stoffer	Dyreart	Andre bestemmelser
«Azaglynafarelin	Laksefisk	Skal ikke brukes til fisk som produserer egg beregnet på konsum»
Deslorelinacetat	Dyr av hestefamilien	

C. I vedlegg III til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert det gjort følgjande endringar:

6. Midler som virker på forplantningssystemet

6.1. Progestogener

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev	Andre bestemmelser
«Altrenogest	Altrenogest	Svin	3 µg/kg 3 µg/kg 3 µg/kg	Hud og fett Lever Nyrer	Midlertidige MRL utløper 1.1.200 Bare til avlsteknisk bruk»
		Dyr av hestefamilien	3 µg/kg 3 µg/kg 3 µg/kg	Fett Lever Nyrer	